

Referat SU-møte

måndag 09.02.2026, Bygstad skule - møterom 2. etg.

SU møte 19:30-20:30

Tilstades: Stian Neset, Jeanette Haugsbø, Ole Magnus Mo, Anne Lilleaasen, Ida Johanne Kårstad Følid, May-Linn Hellebust, Håvard Korsvoll og Ingeborg Grinde

Fellesdel SU/FAU møte

1. Rektor Stian informerer om elevundersøkingar, nasjonale prøver og tiltak/anna no når 1.-4. trinn Sande skule kjem til Bygstad skule

- Elevrådsleiar er ikkje kalla inn til møtet, Stian/skulen informerer desse elevane på skulen. Legger inn til neste år at elevrådet blir spurt før SU-møte 2027 om dei har innspel til møtet.
- Stian informerte om resultat frå kartleggingane ved skulen gjort i haust, som blir fulgt opp no etter nyttår med oppfølging og status på tiltak som er sett igang.
- Nasjonale prøvar 5. trinn viser gode resultat. Ser progresjon over fleire år. Godt resultat både i Sunnfjord og nasjonalt. Fortsatt skulen sitt mål å ha færrast mogeleg elevar på nivå 1.
- Elevundersøkinga i 7.trinn (Conexus-undersøking er gjennomført for 5. og 6. trinn). Spørsmåla blir nøye gått gjennom med elevane før undersøkinga, og skulen oppklarar også etterpå om det kjem resultat tilsette stussar på. Scorer svært bra på mobbing, her har også skulen 0-visjon.
- Suksessfaktorane er mange. Samansveisa kollegie. Gode analyser i kollegiet, setter raskt inn riktige tiltak og fleksibelt læringsmiljø med tilpassing av bruk av lærings- og assistent-ressursar og godt samarbeid skule-heim. Det blir ofte peika på at Bygstad er ein liten skule, og at dette i seg sjølv er ein fordel. Dette er ikkje ei "kvilepute" då få elevar også vil seie at kvar elev har færre å spele på og trivast saman med.
- Bygstad skule har hatt ok ressursar, ressurstildeling skal gjennomgåast etter vinterferien. Skulen er bydd på endringar i forhold til i dag.
- SFO har no god kapasitet på rom etter endringar som blei gjort litt tilbake i tid.

SU-møte:

2. Informasjon frå og tema tatt opp SU-kontakt Anne Lilleaasen frå Sunnfjord kommune

- Stolt av resultat ved Bygstad skule. Ein GOD skule i Sunnfjord kommune. Det er krevande med ressursfordeling i kommunen. Nasjonale føringar som "ikkje er gratis" er styrande.
- Blir spennande no når Sande skule 1.-4. trinn kjem ned til Bygstad. Sande skule skal stå ferdig skulestart 2027. 100 elevar kjem frå Sande. 4. trinn Sande på tekstilrom, 2. trinn på musikkrom, resten i brakke som no er så og seie ferdig. Rom som er mykje i bruk, krever no betre planlegging i skulekvardagen. Garderobr til musikkrom og tekstilrom blir utanfor tekstilrom.

10 lærarar blir fast i Bygstad. Ass-rektor barneskulen Marita Ness har fast 3-4 dagar i Bygstad. Rektor Ann-Kristin vil også ha fast dag i Bygstad. Elevane kjem med buss 9:15 på dagens buss-plass og blir henta 14:15. Dette er anna tidspunkt enn Bygstad-elevar skal på buss. SFO fortsatt på Sande i gamle kommunehuset. Er planlagt "bli-kjent" aktivitetar når Sande-elevane kjem. 6. og 9. trinn kjem frå Sande for å ha mat og helse, fysisk på skulekjøkkenet.

- Helsesjukepleiar frå Sande vil også ha kontortid i Bygstad.
- Bygstad skule er innstilt på å vere fleksible og vil tilpasse seg etterkvart som ein haustar erfaringar. Veldig innstilt på at dette skal gå bra :)

3. Evt.

- **Leirskule.** Avslutta i vår samarbeidet med Hauglandssenteret. 6. og 7. trinn, frå Bygstad åleine, vil i år til Hestad og ha prosjekt "bu ute i naturen i 3 døgn". Opent for at føresette kan vere med også. Håpar å kople på Sande til neste år. Sande er i ei særstilling no med skulebygging. Kan bli nye kommunale føringar/retningslinjer for leirskular i Sunnfjord til neste år.
- På høg tid at skulen får eit malingsstrøk utvendig. Ynskje om å male bakveggen på scena svart slik at det blir betre lysforhold på scena.